

Karmøy Dialekt- og Mållag
v/ leiar Berit Sandve
Krokhaugvegen 33
4262 Avaldsnes

Karmøy kommune
Kommunalsjef oppvekst og kultur
Rådhuset
Postboks 167
4291 Kopervik

11.01.2023

Sendt som e-post
post@karmoy.kommune.no

1. ØKONOMISK STØTTE - FRI/GRATIS BRUK AV KOMMUNALE MØTEROM
2. OVERSYN/REGISTER LAG OG ORGANISASJONAR - HØYRINGSRETT

Styret i Karmøy Dialekt- og Mållag har gitt meg oppdraget med å ta opp desse to sakene med oppvekst- og kulturetaten.

1. Så langt vi har forstått av regelverk og tidlegare samtale med saksbehandlar, har Karmøy Dialekt- og Mållag ikkje rett på årleg økonomisk driftsstøtte frå kommunen. Rett nok fekk laget støtte ved oppattskipping for ein del år sidan. Laget hadde då vore ute av drift i fleire år. Leiar Berit Sandve fekk god hjelp med søknadspapir for det eg nå vel å kalle eingongsstønad ved ny oppstart og konstituering av det som tidlegare var Karmøy Mållag.

Karmøy Dialekt- og Mållag er nå i fast drift som eit lokallag til Noregs Mållag. Vi driv laget i samsvar med lover og planar som gjeld i Noregs Mållag. Laget har egne vedtekter og er registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysund.

Karmøy Dialekt- og Mållag søker om å få fritak for betaling nå vi bruker møterom i kommunale bygg, (kulturhus, skular, rådhuset).

2. Karmøy Dialekt- og Mållag vil svært gjerne bli med i kommunalt register over lag og organisasjonar. I tillegg reknar vi med at det er både rimeleg og naturleg at laget får høyringsrett i saker som gjeld språkbruk og språkval.

Med helsing

Oddmund Paulsen
Kasserar

Kopi: Berit Sandve

